



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin biskop

Etne kommune  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNE

Dato: 22.08.2022

Vår ref: 22/02891-2 JZM

Dykkar ref:

## Kulturmiljøplan 2022 - 2026 høyring - uttale frå Bjergvin bispedøme

Vi takkar for tilsendt kulturmiljøplan for Etne kommune. Det var eit omfattande og flott dokument!

Vi har følgjande merknadar:

Kap. 3.3.3 om forvaltning av freda og listeførte kyrkjer, må oppdaterast noko. Vi kjem her med litt informasjon om dette, så får de sjå kor mykje som evt. er relevant å ta med.

Kyrkelova opphøyrdde å gjelde frå 1. januar 2021 då Trussamfunnslova tok over. Forvaltning av kyrkjer er no underlagt Kyrkjeordning for Den norske kyrkja med biskop som godkjenningssinstans. Dersom kyrkja er freda, skal i tillegg alle tiltak godkjenast av Riksantikvaren, og om kyrkja er listeført, skal Riksantikvaren gje råd før biskopen gjer vedtak, jf [rundskriv Q-06/2020](#). I saker om listeførte kyrkjer sender ein søknad til biskopen som sender vidare til Riksantikvaren for uttale.

Som de skriv, er alle kyrkjer oppført før 1650 automatisk freda. Kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 er òg automatisk freda. Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeført. Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er òg listeført. I Etne er Stødle kyrkje automatisk freda, medan Gjerde, Grindheim og Skånevik kyrkjer er listeførte.

### Endringar rundt kyrkja

- Endring på gravplass: Dersom det er endring av gravplass, inkl. mur/gjerde, skal biskop ha melding om tiltaket og det skal sendast søknad til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (har overteke ansvar for dette frå bispedømeråda og har ansvar for slike saker i heile landet).
- Dersom det er endring på «kyrkjebakken» eller anna område på kyrkja sitt område som ikkje er gravplass, også små endringar som ikkje er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (f.eks. lyktestolpar, varmpumpehus, minnesmerke m.m.) skal saka sendast til biskopen til uttale.
- Dersom det er mellomaldergravplass på skal biskopen senda saka vidare til fylkeskommunen.
- Endring nær kyrkja, men utanfor soknet sin eigedom: Biskopen og soknet skal ha slike saker til uttale.

Postadresse:

E-post: [bjoergvin.bdr@kyrkja.no](mailto:bjoergvin.bdr@kyrkja.no)

Telefon: +47 55 30 64

Sakshandsamar

Postboks 1960  
5817 BERGEN

Web: <http://kyrkja.no/bjorgvin>  
Org.nr.:818066872

70

Telefaks:

Jens Zeuthen Meyer

Endringar som gjeld området rundt ei freda kyrkje, krev søknad som skal sendast via biskop til godkjenning/uttale hos Riksantikvaren og Fylkeskommunen, jf rundskriv Q-06/2020, kap 2.2.3.

Endringar som gjeld området rundt ei listeført kyrkje som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova, krev søknad som skal sendast via biskop til uttale hos Fylkeskommunen, jf [rundskriv Q-06/2020](#), kap 4.4.2. Biskopen gjer deretter vedtak jf. [Kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, § 23](#), der det står:

*På uteområdet ved en listeført kirke som ikke har en tilknyttet gravplass, skal tiltak som ikke er søknadspliktige etter plan- og bygningsloven og som vil kunne ha en negativ innvirkning på kulturhistoriske verdier, ikke finne sted uten biskopens godkjenning. Før biskopen treffer sin avgjørelse, skal saken forelegges rette kulturmiljømyndighet for uttalelse.*

Med det nye regelverket har ikkje lenger biskopen eit særskilt mynde til å godkjenna tiltak nærare ein kyrkje enn 60 m. No er tanken at slike tiltak i hovudsak skal forvaltast gjennom plan- og bygningslova. Kommunane har ansvar for å ta omsyn til verneverdige bygg og område, og kulturmiljøplanen med sine omsynssoner er eit godt hjelpemiddel til å sikra vern og ei god forvaltning av kulturmiljø og kulturminne.

#### Skånevik kyrkje

Tru og kyrkjer har fått godt med omtale i planen. Det er også eit vedlegg 6 med kart som har tittelen Tru og kyrkje. Der manglar Skånevik kyrkje. Skånevik kyrkje kan sjå ut til å ikkje ha ein eigen omsynssone, men etter det vi har fått opplyst frå dykk i telefonsamtale, er kart og omtale av den del av ein omsynssone for Skånevik sentrum.

#### Etne kyrkje

Etne kyrkje er bygd i 2013, og ein kan spørja om den kan reknast som eit kulturminne enno. Den er likevel eit viktig bygg for innbyggjarane i Etne, det vil bl.a. vera mange som i åra framover kan seia at «her vart eg døypt, her vart eg konfirmert eller vigd, og her vart bestemor gravlagd». I tillegg er Etne kyrkje og Enge bedehus unike ved å vera dei einaste (?) av sitt slag her i landet som er bygde saman til eit felles bygg som samstundes inneheld to sjølvstendige einingar.

Vi ønskjer dykk lukke til med forvaltinga av dei mange rike kulturminna og kulturmiljøa i Etne kommune.

Med helsing

Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

Jens Zeuthen Meyer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Kopi til:  
Riksantikvaren  
Etne kyrkjelege fellesråd

Pb. 8196 Dep  
Enge

0034 OSLO  
5590 ETNE

Etne kommune

Stord 26.08.2022  
Dykkar ref.  
Vår ref. 152657/1  
Arkivnr.  
Saksbehandler ANDRESEN  
MAGNE  
Sider 2

## Uttale til Kulturmiljøplan 2022-2026 Etne kommune

Vi viser til forslag til «Kulturmiljøplan for Etne kommune 2022-2026» som er på høring. Sunnhordland Kraftlag (SKL) har følgende innspill:

- SKL ber om at kraftanleggene tas ut av «Kulturmiljøplanen»
  - Nasjonale energimyndigheter har vurdert kulturminneverdier ved alle norske kraftanlegg
  - Anleggene må til enhver tid tilfredsstillе gjeldene krav til funksjon og sikkerhet
- Vi ber kommunen revurdere om bolighusene i Litledalen tilfredsstillер kravene for å bli plassert i omsynssone A

### **Kraftanlegg**

I forslag til Kulturmiljøplan er fire av våre vasskraftobjekt klassifisert i «omsynssone A».

- Lukehus 1, dam Hardelandsvatn
- Lukehus 2, dam Hardelandsvatn
- Dam Hardelandsvatn
- Litledalen Kraftstasjon

Dette er objekt som er i operativ drift i kraftforsyningen. Objektene er underlagt vassdrags- og energilovgivning og forvaltes dermed av energimyndighetene; Olje- og Energidepartementet (OED) og Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Objektene må til enhver tid tilfredsstillе krav til sikkerhet og funksjon gitt i lov og forskrift, herunder oppdaterte krav til flomhåndtering ved ekstremvær, sikkerhet mot dambrudd, osv. Eksempelvis vil Dam Hardelandsvatn bli helt eller delvis ombyggt i løpet av kommende 5-års periode, som følge av myndighetspålagte krav.

I stortingsmelding 16 (2004-2005), «Leve med kulturminner» slås det fast at forvaltningen av kulturminner innen samfunnets tekniske sektorer skal styrkes. Basert på det gikk Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) sammen med Riksantikvaren og utarbeidet en liste over hvilke norske kraftverk, damanlegg og andre installasjoner som skal defineres som kulturminne. Norge har svært mange kraftstasjoner og damanlegg, spredt over hele landet og i dette arbeidet ble det

vektlagt å ta vare på viktige kulturminner samtidig som behovet for at kraftanlegg må moderniseres ble ivaretatt. Listen inneholder over 200 objekt som er gitt status som «statlig listeført», som betyr at de er identifiserte som verneverdige. De fire objektene foreslått i kulturmiljøplanen er ikke blant disse.

SKL er opptatt av krafthistorien i Litledalen og ønsker å bidra til å gjøre denne kjent. Vi mener imidlertid at det er problematisk hvis Etne kommune velger å legge vernebegrensninger på operative kraftanlegg som forvaltes av energimyndighetene, på tvers av nasjonale vurderinger. Vi kan ikke se at kulturmiljøplanen har vurdert konsekvensene av kategoriseringen, verken for kraftanlegg/-produksjon eller for kommunen. Vi registrerer at planen åpner opp for at kategoriseringen både kan gi prioritet ved støtte og anledning til redusert eiendomsskatt.

Basert på at dette er operative anlegg i kraftforsyningen som må tilpasses de til enhver tid gjeldende krav og pålegg og at nasjonale myndigheter allerede har gjort en vurdering av kulturminneverdien til disse objektene tilsier at disse fire objektene bør tas ut av kulturmiljøplanen.

#### ***Litledalsgrenda***

SKL er eier av Litledalsgrenda 3 og 5, samt Litledalsvegen 624 og 626. Bolighusene i Litledalsgrenda er oppgradert og modernisert i tråd med tidens krav og behov, og både kledning, takteking og fargevalg har variert gjennom årene. Litledalsvegen 626 er et nyere bolighus uten opplagte verneverdier. Det kan derfor stilles spørsmål ved om kravene for å plassere boligen i omsynssone A er oppfylt.

Vi ber kommunen revurdere om alle bolighusene i Litledalsgrenda tilfredsstillt kravene til å være i omsynssone A. Vi ber også om at kommunen vurderer hvilke konsekvenser en slik klassifisering av en gruppe hus har for både huseierne og videre bosetting Litledalsgrenda

Med helsing  
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

Etne kommune  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNE

**Vår dato:** 23.08.2022  
**Vår ref.:** 202213029-3 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 22/951

**Sakshandsamar:** Margit Sandem  
Fjellengen, masf@nve.no

## **NVE si fråsegn - Offentleg ettersyn - Kulturmiljøplan 2022 - 2026 for Etne kommune**

Vi viser til brev datert 01.07.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av kulturmiljøplan 2022 – 2026 for Etne kommune.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sine utvalde kulturminne**

NVE tek i vare ansvaret for vassdrags- og energisektoren sine kulturmiljø. Vi har valt ut 227 anlegg med høg kulturminneverdi som vi prioriterer å følge opp i vår sakshandsaming. Anlegga er presentert i fire temaplanar som blei gjevne ut mellom 2006 og 2013. I 2020 starta NVE opp eit prosjekt for å revidere utvalet av kulturminne. Målet med prosjektet er eit oppdatert utval som det er semje om, og ein rettleiar for oppfølging av anlegga. Samarbeidspartnarar er Riksantikvaren og fylkeskommunane. Kulturminna får status statleg listeført, noko som betyr at dei er identifiserte som verneverdige, og at NVE har eit eige ansvar for at dei vert tekne vare på i vår sakshandsaming. De kan lese meir om NVE sine utvalde kulturminne her.

### **Stemmestølsdammen i Valedalselva er eit utvald kulturminne**

Stemmestølsdammen er ein murdam som truleg ble anlagt på 1600-tallet i Valedalselva, og er ein av NVE sine utvalde kulturminne. NVE oppmodar dykk til å omtale kulturminnet i kulturmiljøplanen. Meir informasjon om dammen finn de på [dammen sin nettside](#). Dersom de har spørsmål knytt til kulturminnet så kan de ta kontakt med Unn Eide ([unyi@nve.no](mailto:unyi@nve.no)) på NVE sin seksjon for Informasjonsforvaltning og kulturhistorie.



Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen  
Førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**  
Etne kommune

**Kopimottakarar:**

Litledalen vel  
V/Leiar Atle Aas  
Litledalsgrenda 21  
5590 Etne

Etne kommune  
5590 ETNE

### **Uttale til kulturmiljøplan**

Litledalen vel representerer 7 grunneigarar som i 1996 kjøpte eigedomar av Haugaland kraft (Gnr 79 bnr 6-12). Sunnhordland Kraftlag (SKL), som har overtatt Haugaland kraft sine eigedommar i Litledalen, er også medlem av Litledalen vel. SKL leverer eigen uttale.

Litledalen vel har handsama uttale til planen ved e-post-kommunikasjon.

I framlegget til kulturmiljøplan inkluderer Etne kommune veldig mange av dei eldre bygningsmiljøa i kommunen. Når vi blir plassert inn i ein slik plan vil det også vere skapt forventningar om at kommunen må kunne bidra økonomisk til at private eigarar kan oppfylle planen.

Litledalen vel er i utgangspunktet positiv til at miljøet i Litledalsgrenda blir tatt vare på og utvikla vidare.

Vi vil peike på at noko av det spesielle med Haugaland elektrisitetsverk sine bustadar har vore at dei frå dag ein har vore i forkant av moderne utvikling, t.d. i 1920 var det vassklosett og gatelys (før dei hadde gatelys i Haugesund). Ein plan som dette må ikkje hindre eigarane i vidare utvikling av eigedomane.

I dag vil ei slik utvikling t.d. vere å installere solcellepanel på taka.

Ved opprusting, mogeleg på 50-talet, fekk dei minste husa tilbygg med m.a. bad. Tilbygget har flatt tak, og dette er ikkje heldig med tanke på lekkasje. Fleire hus har hatt lekkasje. Huset som brann (g. nr. 79 b. nr. 12) hadde nybygd overbygg over det flate taket, og skifta tak. I samband med dette vart også skiferen på taket bytta ut med sementstein. Den opprinnelege skiferen på desse husa er av svært dårleg kvalitet, og kan ikkje brukes på nytt. Det er heller ikkje mogeleg å kjøpe ny skifer av denne typen for å utvide skifertaket. Å kjøpe ny skifer av forsvarleg kvalitet vil vere svært kostbart.

Overbygg av det flate taket vil vere aktuelt på fleire hus. Kulturmiljøplanen må ikkje vere til hinder for dette. Sidan det vil vere om lag same endringa på fleire hus håper vi kommunen gjennom Kulturmiljøplanen kan legge til rette for forenkla sakshandsaming etter kvart som eigarar vil gjere ei slik oppgradering.

Fleire av eigedomane manglar garasje (opphavleg hadde Haugesund elektrisitetsverk garasjebygg, der garasjane ikkje låg i naturleg tilknytning til huset dei høyrde til. Fleire av desse er rivne.) Kulturmiljøplanen må ikkje vere til hinder for at kvar av eigedomane bygger eigen garasje, slik nokon av oss har gjort, og nokon fått godkjent planlagde prosjekt. Vi vil og peike på at opphavleg takform på garasjane har vore pultlokk-tak, slik at eigarar som ønskjer å bygge slike garasjar ikkje må få byggesaka handsama som dispensasjon etter anna planverk, med dei ekstra kostnadane dette medfører.

Fleire av oss har også utvikla eigedomane med oppbevaringsbodar, lysthus og liknande. Dette er noko som vil vere nødvendig for aktiv bruk av eigedomane og kulturmiljøplanen må ikkje stå i vegen for dette. Området har hatt uthus for høner/ gris. Dei siste vart rivne i forkant av salet til oss i 1996.

Området har hatt gatelys frå 1920. Lysa er delvis tatt ned, og ansvaret for drift er uavklart. Det vil vere ønskjeleg at kommunen kan ta ansvaret for drift av desse som eit kulturminne.

Vi vil og peike på at området har lite vatn med tanke på sløkking ved brann. Vi skal uansett gjere ei oppgradering av vassforsyninga dei næraste åra, og hadde planlagt ein dialog med brannvesenet om vi med enkle midlar kan legge til rette for bruk av brønnvatn som sløkkevatn. Dersom dette blir meir kostbare tiltak vil det vere interessant å drøfte korleis kommunen ut i frå kulturmiljøplanen kan støtte dette økonomisk.

Fleire av oss har over tid endra fasaden ved å skifte tilbake til meir originale vindauge, sjølv om dette har gitt meirkostnad. Vi er difor positive til fritak frå eigedomsskatt.

Litledalen 24.08.2022

Atle Aas  
Leiar





# Rygg bedehus

Grindheimsvegen 208

5590 ETNE

Utleige/leiar/postadresse:  
Atle Aas, Litledalsgrenda 21,  
5590 ETNE, mobil: 993 54 771

Bankkonto: 3543 27 04694

VIPPS: 617490

Etne Kommune  
5590 Etne

## Uttale til kulturmiljøplanen

Styret i Rygg bedehus har 23.08.2022 handsama uttale til kulturmiljøplan for Etne kommune

Styret i Rygg bedehus er glad for at Kulturmiljøplanen løfter fra Rygg bedehus som forsamlingslokale og som del av krigsminne på Rygg. Det framstår som noko uklart kva dette inneber for bedehuset.

Som omtalt i planen feira bedehuset 100-årsjubileum i 2021, med fest og festskrift som dokumenterer mykje av bedehuset si historie. Etter jubileet har barnebarnet til leiaren i byggekomitéen funne kopi (blue-print) av originalteikningane til bedehuset. Desse er av svært god kvalitet og er avfotografert og har kome opp på veggen i kjellaren på bedehuset.

Gjennom åra har folk i Sørbygda lagt ned betydeleg arbeid med dugnad og økonomisk støtte til bedehuset. Sidan midt på nittitalet er det elektriske inntaket skifta, oppvarminga gjort elektrisk, kjøkenet og toalett totalrenovert, kjellaren pussa opp, takrenner skifta og huset måla utvendig fleire gongar. Til saman er det utført arbeid for fleire hundre tusen kroner desse åra. Vi har i dag ei restgjeld på om lag 40 000 kroner.

Etne kommune har i denne perioden ikkje hatt ordningar for støtte til forsamlingslokale i det heile.

Styret er som sagt positive til at Rygg bedehus blir tatt inn i ein slik plan, og gjerne blir utvalt som eitt av få forsamlingslokale med særleg verdi for bevaring.

Vi føreset imidlertid at det må følgje økonomiske midlar med ein slik plan. Kommunen kan ikkje på den eine sida ta ein eigedom inn i ein plan med uklare konsekvensar for eigedomen og utvikling av området, og så forvente at eigaren skal dekkje alle kostnader for vedlikehald og ivaretaking av eigedomen. (Private eigarar er lokka med mogeleg fritak frå eigedomsskatt, men forsamlingslokale har allereie slikt fritak.)

Rygg, 23.08.22

Atle Aas  
Leiar

**Fra:** Marit Helene Fjetland <marit@fjetland.net>

**Sendt:** 24.08.2022 19:40:39

**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>

**Emne:** Kulturmiljøplan 2022-2026 utkast til høyring

---

Eg har ein merknad til vedlegg 6 – kart. På kartet over Fjæra gnr. 101, ser eg at alle gamle hus er merkt med raud eller gul trekant. Det eg lurar på kvifor huset vårt Fjæravegen 14, ikkje har noko merke? I 1909 blei der utskilt eit småbruk fra gnr. 101/1 fra min oldefar Gunnar Fjæra (Post-Gunnar) til bestefar Viar Fjæra (bakaren). Det fekk gnr 101/8. Huset blei bygd i den tid og bestefar dreiv med bakeri og landhandel. Det blir sagt at han mellom anna baka kavring, som blei sendt i tønner til fiskarar på Utsira. Tønneproduksjonen i Åkrafjorden var stor på den tida og fiskarane trong mat. Tønnene var god emballasje.

Bestefar døde i 1946 og foreldrene mine overtok huset og familien flytta inn. Dei dreiv med kafe, bensinstasjon og ungdomsherberge. Huset blei etterkvart modernisert med husmorvindu og diverse innvendige arbeid, men moderniseringa besto heldigvis i å spikra plater på tømmervegger og fyllingsdører.

I ca. 1980 blei det oppført et tilbygg med bad og 2 soverom.

Søster mi, Gunnvor Sørhus og eg overtok huset i 2009. Me har i åra etter det halde på med restaurering av huset både innvendig og utvendig. Noko av de første me gjorde, var å få inn tilnærma lik dei originale vinduene. Taket er tekt med den originale skiferen og det må med tid og stunder utbetrast.

Eg trivst godt i det gamla huset og bur fast på Fjæra nå, etter ca. 50 år i Haugesund. Gunnvor bur fast i Spania, men brukar huset om sommaren.

Eg prøver å senda bilder fra min telefon:

1. postkort fra ca. 1927
2. postkort fra 1950
3. postkort fra 1960
4. Viar Gundersen Fjæra med eldste barnebarn, utfor butikkdøra 1939
5. Fjæravegen 14 i dag.

Postkorta viser at huset har vore et sentralt midtpunkt i Fjæra fra det blei bygd og slik det står i dag.

Dette er ganske kort skildring. Eg kan komma med fleire detaljar om det trengs.

Beste helsing

Marit Helene Fjetland

Sendt fra [E-post](#) for Windows

**Fra:** Knut Erik Ebne <knuterikebne@gmail.com>

**Sendt:** 25.08.2022 14:00:42

**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>, siljmg@gmail.com

**Emne:** Kulturmiljøplan bygg på 145/1, tilbakemelding på høyring

Hei, ser i tilsendt høyring at ein har teke med naust, driftsbygning frå 1950 og eit eldre sauhus/ hestahus frå gnr.145/1.

-Naustet hadde ei vøla på slutten av 1990, starten av 2000 talet der ein skifta bordkledning, samt takkonstruksjon( tok av heller, skifta bjelkar/lekter og la på heller) Naustet er nok av eldre årgang og vart restaurert nett så det var før.

-Driftsbygning er bygd frå 1944 og utover på 50 talet. Denne vil nok kreve mykje vedlikehald i framtida, samt oppgradering om den skal fungere etter behov i framtida. Eit aktivt landbruk kan ikkje leve på gammal fordums prakt og me som brukarar kan ikkje låse situasjonen med hensyn til bygningar når landbruket er i rivande utvikling.

- sauhus/ hestehus ser fint ut, men får eit snarleg stort behov for ei totalrenovasjon.


Konstruksjonen er angrepet av mott, og heller på taket ligg av gamal vane. For dette bygget seier fagfolk at bygget må takast heilt ned byggast opp att. Om det vert aktuelt vil ein søkje om å byggje dette opp at i lik stil, nytte dagens grunnmur, men bygge det som bustad/kårhus/utleige eining som tilleggsnæring gard.

Planen gjev ekstra handsaming frå fylkesnivå om ein skal endra bygg. Eg er ikkje interessert i dette. Når ein prøver å drive gard under dagens forutsetninger er det utfordrande nok utan at det vert lagd meir stein til byrden. Den beste bevaring skjer ved aktivt bruk.

Bed om at driftsbygningane vert tekne ut. Naustet kan være med.

Med beste helsing

Knut Erik



**Fra:** marit.ronnevik <marit.ronnevik@gmail.com>  
**Sendt:** 26.08.2022 18:37:42  
**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>  
**Emne:** Merknad Kulturmiljøplan

---

Eg vil gjerne koma med forslag om eit naturelement som har stor kulturhistorisk verdi. Det er det store tuntreet i Nigard i det gamle klyngetunet på Rygg gnr 44/6, ein alm som truleg er fleire hundre år gammal og framleis heil, frisk og frodig. Almen er omtala med bilete i Knut Nedkvitne og Johannes Gjerdåker. Alm i natur og tradisjon. Norsk skogbruksmuseum, 1995 s. 58. Den gongen var almen 25 meter hog og stamma hadde omkrins på 5,4 m. Det er eit svært staseleg tre som fortel om historie og tradisjon i det gamle tunet. Håpar det kan takast med i planen slik at det blir bevart for framtida. Eigar er Livard Hjelmtveit.

Med helsing  
Marit Ronnevik

**Fra:** Marit Bergljot Rønnevik <marit.ronnevik@gmail.com>  
**Sendt:** 26.08.2022 14:41:40  
**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>  
**Emne:** Merknad til Kulturmiljøplan

---

## Merknad til Kulturmiljøplan

Planen er avgrensa til faste kulturminne.

Eg vil gjerne minna om at det finst eit stort materiale av skriftlege kjelder, bilete, film, intervju, stadnamn, musikkopptak osv. som ikkje er dokumentert i bygdebøkene. Dette kan vera privatarkiv levert inn frå organisasjonar, bedrifter eller privatpersonar, produksjonar frå lokale medieføretak eller studentar m.v. Slikt materiale kan vera av stor verdi for lokalsamfunnet og avgjerande for å kunna informera om dei faste kulturminna.

Det er innreia eit moderne brannsikkert arkiv til føremålet i Skakke som skal innehalda denne typen materiale, kalla Etne lokallhistoriske arkiv.

I 2012-13 vart det utført eit prosjekt mellom Hordaland fylkesarkiv, Etne sogelag, Etne bygdeboknemnd og Etne kommune om Etne lokallhistoriske arkiv.

I prosjektrapporten kjem fylkesarkivet mellom anna med tilråding om at Etne kommune bør ha ein stillingsressurs knytt til arbeidet med arkivet.

Utan tilsette med arkivkompetanse som kan organisera arkivet og koordinera dugnadsinnsats med dette blir verdifullt materiale ståande utilgjengeleg for publikum. eller kan gå tapt på loft og kjellarar fordi tilbodet om avlevering ikkje kan informerast aktivt til innbyggjarane.

Sidan kommuneplanen frå 2016 står fast at kommunen skal arbeida med formidling av kulturarven, bør det med eit punkt i handlingsplanen til Kulturmiljøplanen under generell forvaltning at det skal lagast ein plan for Etne lokallhistoriske arkiv - mottak, registrering, digitalisering og formidling, evt i samarbeid med regionale og nasjonale arkiv. Ein slik plan kan også vera med å sikra dokumentasjon av lokale kulturuttrykk i samtida.

Med helsing  
Marit Rønnevik

**Fra:** Marit Bergljot Rønnevik <marit.ronnevik@gmail.com>

**Sendt:** 26.08.2022 16:48:26

**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>

**Emne:** Merknad Kulturmiljøplan

---

Merknad Kulturmiljøplan

Gnr 44/19 Krigsminne

Våningshuset på denne eigedommen er med i kartgrunnlaget for krigsminnet Etne militærsjukehus.

Huset er eit rivingsobjekt, som ikkje vert brukt til heilårsbustad idag og det kan etterkvart bli aktuelt å setja opp eit nytt hus same stad.

Huset var ikkje ein del av sjølve sjukehusverksemda og er heller ikkje med i omtalen av krigsminnet.

Går då ut frå at huset har låg verdi som del av krigsminnet og at kartgrunnlaget ikkje er til hinder for ei evt. framtidig riving.

Med helsing

Marit Rønnevik

**Fra:** mari espeland <mari.espeland@gmail.com>

**Sendt:** 26.08.2022 21:01:33

**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>

**Kopi:** Magne Ingolv Espeland <magne.espeland@hvl.no>, Åsmund Espeland <Asmund.Espeland@hvl.no>, Christine Birkenes <christinebirkenes@gmail.com>, Tordis Marie Espeland <Espelandtm@yahoo.no>, toli@gmail.com

**Emne:** høyringsuttale Kulturmiljøplan for Etne kommune 2022-2026

---

Til Etne kommune.

Høyringsuttale Kulturmiljøplan for Etne kommune 2022-2026.

Etne kommune skal ha ros for eit høyringsutkast til Kuturmiljøplan som spenner vidt og gir eit godt bilde av det rike kulturmiljøet som finnes i Etne kommune. Her er mykje å ta vare på og formidla vidare til innbyggjarane no og seinare.

Merknadene nedanfor kan tilføra planen nokre detaljar. Merknadene vert knytt opp mot vedlegga, men nokre av dei kan også vera av interesse for tekstdelene vedlegga referer til.

Vedlegg 1. Arkeologiske kulturminne.

Her kan føyast til funn av kokegroper på eigedom 136/13 i Skånevik, Brynjelsplassen, Skålnes. Desse funna er omtalt i databasen [kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no) under Etne kommune.

Vedlegg 3. Oversikt over omsynssoner Klasse A.

Omtalen av gardstun Brynjelsplassen, Skålnes, kan supplerast med desse opplysningane: våningshuset er frå omlag 1860, utbeta i 1905.

løa med eldhus, no hytte, er frå samme tid som våningshuset, med påbygd fjøs i 1911, Løa er grindbygd.

det høyrer også naust til garden.

arkeologisk funn på Løbakken, som omtalt i vedlegg 1

Vedlegg 6, (2.4.8) Tru og kyrkje.

Reknar med at også Skånevik kyrkje skal vera med i dette oversynet?

Vedlegg 6 (2.4.10) Reiseliv

Tidlegare Heggelund pensjonat, Skånevik kan vera med her

Vedlegg 6 (2.4.13) Kulturminne knytt til personar og historie

Her kan med fordel vera med omtale av særmerkte «landemerke» i Skånevik sentrum:

- Minnesmerke på kaien over Folgefondforliset, eit hending som rett nok er omtalt i tekst tidlegare i planen.

- Snublesteinane som er lagt ned i sentrumsgata til minne om dotter til Moritz Rabinowitz og hennar familie som alle døydde i konsentrasjonsleir under 2. verdskrig.

Eg ønskjer lukke til med gjennomføring av planen, og ser med særleg interesse fram mot tiltak og støtte som kan bli retta spesielt mot eigedomar og område som er omtalt i planen.

Me er alle interesserte i å ta vare på særmerkte kulturmiljø på best muleg vis, og halda desse i hevd i tråd med tradisjon og opprinnelege utformingar, og er glade for alle den støtte ein slik plan kan gje.

Helsing  
Mari Espeland  
eigar av Brynjelsplasset, Skålnes, gardsnr 136, bruksnr 13.



**Fra:** Vidar Voie <vidarvoie@hotmail.com>  
**Sendt:** 02.07.2022 01:14:43  
**Til:** Post Etne <Post.Etne@etne.kommune.no>  
**Emne:** Kulturmiljøplan

---

Hei,

Jeg ser at mine to bunkerser fra 2 verdenskrig er tatt med i den nye kulturmiljøplanen som er til høring.

Referanse;  
Vedlegg 6 - Kart  
2.4.14 Krigsminne  
44 Rygg, krigsminne

Hva innebærer dette for meg? Jeg har brukt store summer på å fikse opp rundt disse, og har blant annet laget en dreneringsgrøft for å få bukt med fuktighet.  
Betyr dette at jeg ikke kan fikse de opp og bruke de som jeg vil lenger?

Mvh Vidar S Voie  
Grindheimsvegen 210

Få [Outlook for Android](#)

**Fra:** Beate Hetleflåt  
**Sendt:** torsdag 4. oktober 2022 11:25  
**Til:** Post Etne  
**Kopi:** Mariann Sydnes  
**Emne:** Uttale til Kulturmiljøplan for GBN 112/1, Hetleflåt og Hetleflåtstølen

**Uttale til Kulturmiljøplan for GBN 112/1, Hetleflåt og Hetleflåtstølen**

GBN 112/1 ligg i Kulturmiljøplan inne i omsynssone (klasse A).

Eigar av bruket Hetleflåt gjekk nyleg bort. Han var fastbuande på garden. Arvingane jobbar nå med å finne ut kva som skal skje med garden i framtida. Det er per nå usikkerhet rundt dette og det kjem til å ta tid. Det vil uansett bli endringar på garden og mest sannsynleg vert det ikkje vidare drift her.

Me ber difor om at Hetleflåt og Hetleflåtstølen vert tekne ut av planen.

Med venleg helsing  
Beate Hetleflåt  
- for arvingane på GBN 112/1

**Saksgang**

| Utv. saksnr.                                 | Møtedato   |
|--|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og inkludering | 05.10.2022 |

**Kulturmiljøplan 2022-2026- Etne kommune- Høyring**

## Forslag til vedtak

1. Kulturmiljøplanen for Etne 2022-2026 er godt forankra politisk, administrativt og blant innbyggjarane og bør verte eit godt styringsdokument for forvaltning av kulturminna i Etne kommune. Planen er særleg godt gjennomarbeida.
2. Vestland fylkeskommune oppfordrar kommunen til å bruke moglegheitene i plan- og bygningslova til å sikre juridisk vern av prioriterte kulturminne i omsynssoner under rullering av kommuneplanens arealdel.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar for kulturminne i Etne. Det er tiltak for å støtte private eigarar av kulturminne, for å sikre lokale kompetansmiljø på bygningsvern/kulturminne og for betre sakshandsamingsrutinar for kulturminne.

**Samandrag**

Kommunedelplan for kulturmiljø i Etne 2022-2026, i Etne kommune, er lagt ut på høyring. Det er positivt at Etne kommune no er i slutføringa av ein ny kulturmiljøplan som prioriterer måla for kulturmiljøfeltet i kommunen. Bakgrunnen for planen var mellom anna Riksantikvaren (RA) sitt prosjekt Kulturminne kompetanse i kommunane (KIK), som har som mål at alle norske kommunar skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2020. Etne kommune sitt mål med kulturmiljøplanen er hovudsakleg å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Etne, og få eit godt grunnlag for ein heilskapleg kulturminneforvaltning.

**Per Morten Ekerhovd**  
Avdelingsdirektør  
Kultur, idrett og inkludering (KII)

**David J. Sandved**  
seksjonssjef  
KII - Kulturarv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Kulturmiljøplan Etne 2022-2026 v.1.0
- 2 Vedlegg 7 - Handlingsplan til kulturmiljøplan

## Saksutgreiing

Etne kommune har lagt ut kommunedelplan, Kulturmiljøplan 2022-2026 til offentlig høyring med frist 26.08.2022. Det er gjeve utsett frist til at saka kunne leggjast fram for politisk handsaming 5. oktober 2022, ut veke 40.

Det er positivt at Etne kommune no er i slutføringa av ein ny kulturmiljøplan som prioriterer måla for kulturmiljøfeltet i kommunen. Bakgrunnen for planen var mellom anna Riksantikvaren (RA) sitt prosjekt Kulturminne kompetanse i kommunane (KIK), som har som mål at alle norske kommunar skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2020.

Etne kommune sitt mål med kulturmiljøplanen: Målet med kulturmiljøplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Etne, og få eit godt grunnlag for ein heilskapleg kulturminneforvaltning. Dette skal ein oppnå ved å:

- Gå gjennom registrerte kulturminne
- Gjere ein verddivurdering av dei registrerte objekta
- Utarbeide ein handlingsplan for lokale kulturminne
- Sikre eit sterkare vern for særleg verdifulle objekt som i dag har eit svakt juridisk vern.

Deilmål:

- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar og sjå dei som ein ressurs.
- Legge til rette for vern gjennom bruk.

Vestland fylkeskommune ser det er gjort eit stort og grundig arbeid med å få ei god oversikt av den store kulturrikdommen i kommunen. Etne kommune er ein stor kommune med eit særleg rikt mangfald av kulturminne og kulturmiljø, noko som denne planen evner å gjere på ein god måte. Planen er særleg godt gjennomarbeida og gjev eit godt oversyn over dei mange ulike kulturminna i Etne kommune gjennom ulike tider.

Bruk av kulturminne vil vera ein ressurs i samfunnsplanlegginga, også på område som næringsføremål, reiseliv/turisme og utvikling av kulturtilbod. Kommunen har ein rik kulturarv av både lokal, regional og nasjonal interesse. Kommunen sin lange historie er unik, og i tråd med FN sitt berekraftsmål, skal kommunen vere med på å styrke innsatsen for å verne om og sikre vår del av verdas kultur- og naturarv. Kulturminneplanen er eit nyttig reiskap for at Etne kommune skal vere med på å oppfylle berekraftmåla. Kommune understrekar i planen at dei legg vekt på vern gjennom bruk. Dette inkluderer også klimamål, der klimaeffektane som er med i reknestykket, viser at å ta vare på eksisterande bygg framfor å byggja nye, kan gje ein stor klimagevinst. I planen vil det vere bra å vise til Riksantikvaren sin nye Riksantikvarens klimastrategi for kulturminneforvaltninga 2021-2030.

Etter vår vurdering vil Kulturmiljøplanen verte eit godt styringsdokument for kommunen. Den er ein juridisk bindande kommunedelplan etter plan- og bygningslova og gjev rammar som er ein føresetnad for god forvaltning av lokale kulturminne. Vestland fylkeskommune vonar at ein følgjer opp anbefalinga i planen, som går på at dei prioriterte kulturmiljøa blir innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel som omsynssonar. Vi vil understreke at her må føresegna og retningslinene verte meir tydeleg når det gjeld omsynssone H570 og H730.

Det er ynskje frå Riksantikvaren at ein skal erstatte omgrepet «kulturminneplan» med «kulturmiljøplan», slik som Etne kommune har gjort, for at eit enkeltobjekt skal sjåast i ein større samanheng, som kan gje eit kulturminne ein større dimensjon.

Kulturmiljøplanen dannar også grunnlag for kulturminne som kan søkast tilskot til, innafor den regionale tilskotsordninga. En fordel at den regionale tilskotsordninga vert referert til med lenke.

Vi har nokre merknader til desse kapitela:

Innleingsvis vert det vist til viktige omgrep og definisjonar. Her vil vi rå til å sjekke opp mot Riksantikvaren sine sider, i dialog med fylkeskommunen.

Del 2.3: Arkeologiske kulturminne: Vestland fylkeskommune er særns nøgd med at Etne kommune i sin kulturmiljøplan har teke med ein bolck om kulturminne frå den eldste tida i Etne. Sjølv om forvaltninga av automatisk freda kulturminne ligg til Riksantikvaren og fylkeskommunen, gjer den store mengda Etne har av lokalitetar med dei eldste kulturminna, at desse også er viktige å få framheva gjennom ein kulturmiljøplan. Utvalet og omtalen av dei arkeologiske kulturminna i planen er vel gjennomarbeida, og gir grunnlag for vidare arbeid med å vise samanhengen mellom dei einiskilde kulturminna, og legge opp ein heilskapleg strategi for tilrettelegging, skjøtsel og kunnskapsformidling; Ved at kulturminna blir synleggjort som velhaldne attraksjonar i kommunen, der ein samstundes får formidla kor mykje desse lokalitetane til saman kan fortelje om den forhistoriske tida både i Etne og nasjonalt, har dette potensial for å bli ein lett tilgjengeleg og stor ressurs for lokal kunnskap og identitet, og ikkje minst attraktivt for tilreisande. Desse visjonane blir framheva gjennom handlingsplanen, og regional kulturminneforvaltning ser fram til å vere med i arbeidet og bidra til at dei kan bli realiserte.

Del 2.4.1 Handels -og gjestgjevarstader: Når det gjeld tettstader, hadde det vore fint med ei innleiing til temaet og at det meir systematisk vert vist til vernestatus for alle dei nemnde kulturmiljøa.

Del.2.4.3 Kulturminne i fjellet: I dette kapittelet saknar vi verdivurdering og at det vert lagt omsynssone H570 på dei mest verdifulle stølsmiljøa/kulturmiljøa. Det er positivt at Turisthytta er med på kommunen si liste over verneverdige kulturminne.

Del 2.4.14 Forsvars og krigsminne: Forsvars og krigsminne er ein kategori som ofte er vanskeleg å handsame i både kommune og fylkeskommune, då det formelle vernet ikkje er godt. Det er viktig å få framheve desse kulturminna sin sentrale posisjon for å forstå vår nære fortid. Krigsminna bør også framhevast i rutine omkring saksbehandling. Vestland fylkeskommune ynskjer også å få tilsendt saker som gjeld tiltak som omfattar krigsminne- og/eller miljø som har interesse ut over lokal verdi. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Del 2.4.5 Industri, handverk og småindustri: Også her saknar vi og ein innleiing til temaet der ein seier noko om utvalet, om det er generelle døme eller det er nokon kulturminne/kulturmiljø som er prioritert.

Andre kulturmiljø som hadde vore fint å gje meir plass i planen er til dømes kulturmiljøet rundt Gjerde kyrkje i Etne sentrum, som i denne planen ikkje er omfatta av ei omsynssone. Dette er ein samansett bygningsmasse med bygg frå etter 1850 som og har ein viktig verdi som ein del av det samla kulturmiljøet. Vi vil her vise til *Riksantikvarens strategi for faglege anbefalingar for by og tettstadutvikling, 2021*, og minne om sentral dokument som mellom anna *Formingsretteleiar 07.05.19 Asplan Viak* og *KU- kulturminner 12.08.2019 Asplan Viak*.

I kulturminneforvaltninga ser ein mellom anna eit etterslep når det gjeld vern av bygg frå nyare dato. Vi vil oppfordre til å gjer ei nærmare kartlegging også av desse kulturminna. Særleg er dette aktuelt på dei historiske tettstadene som Etne og Skånevik. Desse bygningane er ofte ein del av eit større samla bygningsmiljø/ kulturmiljø. Vi vil gjerne fortsette dialogen med kommunen om å utvide omsynssonane, særleg i desse områda.

Del 3.3.3 Forvaltning av freda og listeførte kyrkjer: Når det gjeld dette kapittelet er det nyttig å rydde litt i teksten og sjå på nytt kyrkjerundskriv Q-06/2020 og kirkebyggforskriften (Forskrift om forvaltning av kulturhistoriske verdifulle kirker.) Rettleiaren kan vere noko forvirrande, men i korte trekk er det dette som gjeld for ansvarsfordelingfor kyrkjer og omgjevnader:

- Fylkeskommunen: mellomalderkyrkjegardar (disp frå kml) og omgjevnadene til listeførte kyrkjer.
- Riksantikvaren Oslo (Kirkeseksjonen): Listeførte og vedtaksfreda kyrkjer (berre kyrkjebygget). Automatisk freda kyrkjer (både kyrkjebygget og eventuell utilbørleg skjemming, jamfør §3 i kml). Ver obs på at nokre tiltak kan ha innverknad på kyrkjebygget sjølv om det ikkje er direkte inngrep, til dømes lyskastarar. Slike tiltak skal RA vurdere også for listeførte og vedtaksfreda kyrkjer.

- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark: Gravplassmynde: Saker som gjeld endringar av gravplass (utvidingar og liknande).
- Kommuneplanens arealdel: Her er det fylkeskommunen som gjer vurderingar mtp listeførte kyrkjer. RA uttaler seg ikkje om listeførte kyrkjer til KPA.

Del 3.4.6 Forvaltning av kulturminne i verneklasse A-C: Når det gjeld dette kapittelet er det viktig med ei klargjering av skilnaden mellom kommunalt listeførte og kommunalt verneverdige kulturminne/kulturmiljø, og ei klargjering av føresegn og retningslinjer for desse.

Forvaltning av klasse B: Verneverdige kulturminne- kommunalt listeførte, bør få egne retningslinjer knytt til seg og kulturmiljøa i denne kategorien må leggjast inn i Askeladden.

Vi skulle gjerne sett at kommunen føreslo fleire viktige kulturmiljøområde som bør få omsynssone i arealdelen til kommuneplanen. Vi skulle gjerne også sett feire døme det omsynssonen rundt viktige kulturmiljø vert utvida, som til dømes Fjæra kapell.

Det er positivt at de visualiserer dei føreslegne kulturmiljøområda på eigne kart. Det gjer det vidare arbeidet med å overføre kunnskapen frå kulturminneplanen til planarbeidet i kommunen lettare.

Del 3.5. Verkemiddel for vern av kulturminne: Når det gjeld føresegner og retningslinjer er det utarbeidd eigne retningslinjer til omsynssoner for kulturmiljø (klasse A). Desse er spesifisert i vedlegg 2 *Føresegner og retningslinjer til nye omsynssoner*. Omsynssonene vil gå inn som ein del av kommuneplanen i samband med rullering.

Det er viktig å rydde i omgrepa slik at også dei *generelle føresegna* seier noko om omsyn som skal takast når det gjeld bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommune vil her stå til rådvelde for å diskutere dette vidare.

Del 4 Handlingsplan: Planen er god og realistisk men det bør i ei innleiing under dette kapittelet visast til handlingsplanen i vedlegg 7, dette for å gje ein betre oversikt. Planen svarer på aktuelle utfordringar for kulturminne i Etne. Det er tiltak for å støtte private eigarar av kulturminne, sikre lokale kompetansmiljø på bygningsvern/kulturminne samt styrking av rutinar for sakshandsaming for kulturminne.

Vestland fylkeskommune vil avslutningsvis understreke at Vestland fylkeskommune er positive til Etne kommune sin nye kulturmiljøplan. Vi er av den oppfatning at den legg gode rammer og føringar når det gjeld den vidare forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Planen er særlig godt gjennomarbeida og skaper meir føreseielege rammer for alle involverte partar. Vestland fylkeskommune ser fram til det vidare samarbeidet med Etne kommune på kulturminnefeltet

### **Vedtakskompetanse**

Viser til *Reglementet for folkevalde organ og Hovudutval for kultur, idrett og delegering juni 2021*. Av reglement for delegering etter særlov går det fram at «Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde til å gje uttale til tematiske forvaltningsplanar som vedkjem kulturminne og kulturmiljø.»

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Planarbeidet får ikkje direkte økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Tiltak og satsingar kan føre til kostnadar for fylkeskommunen, men dette vert konkret vurdert i samband med søknader om tilskot.

#### **Klima:**

Saka har verknader på klima. Kulturmiljøplanen er eit nyttig reiskap for at Etne kommune skal vere med på å oppfylle berekraftmåla. Kommune understrekar i planen at dei legg vekt på vern gjennom bruk. Dette inkluderer også klimamål, der klimaeffektane som er med i reknestykket, viser at å ta vare på eksisterande bygg framfor å byggja nye, kan gje ein stor klimagevinst.

#### **Folkehelse:**

Planen omhandlar tema kulturminne/kulturmiljø som er verdier for heile lokalmiljøet, og som mange har eit eigarskap til, og som i stor grad er med på å gje gode opplevingar og styrke deltaking innan kulturfeltet.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Kulturmiljøplanen for Etne kommune er tufta på FN sine berekraftsmål og konkretisere mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland på lokalnivå. I tråd med FN sitt berekraftsmål, skal kommunen vere med på å styrke innsatsen for å verne om og sikre vår del av verdas kultur- og naturarv ,delmål 11.4 og andre delmål som kan knytast til vern og bruk av kulturarven. For Vestland på lokalnivå gjeld særleg Mål 1 - Vestland som det leiande verdiskapingsfylket, Mål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

**Konklusjon**

Vestland fylkeskommune er svært positive til Etne kommune sin kommunedelplan for kulturmiljø i Etne 2022-2026. Vi er av den oppfatning at den legg gode rammer og føringar når det gjeld den vidare forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Administrasjonen i Vestland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i oppfølginga. Vestland fylkeskommune ser fram til det vidare samarbeidet med Etne kommune på kulturminnefeltet



## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering - 05.10.2022

### Avrøysting

Avdelingsdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kulturmiljøplanen for Etne 2022-2026 er godt forankra politisk, administrativt og blant innbyggjarane og bør verte eit godt styringsdokument for forvaltning av kulturminna i Etne kommune. Planen er særleg godt gjennomarbeida.
2. Vestland fylkeskommune oppfordrar kommunen til å bruke moglegheitene i plan- og bygningslova til å sikre juridisk vern av prioriterte kulturminne i omsynssoner under rullering av kommuneplanens arealdel.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar for kulturminne i Etne. Det er tiltak for å støtte private eigarar av kulturminne, for å sikre lokale kompetansmiljø på bygningsvern/kulturminne og for betre sakshandsamingsrutinar for kulturminne.